

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: *Synet på giftarmål*Oppskr. av: *Johan Moan.*(adresse): *Leksvik.*Fylke: *N. Trøndelag*Herad: *Leksvik*Bygdelag: *Leksvik sokn*Gard: *Moan*

G.nr. 8 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Delvis*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

og delvis etter foreldra mine 85 og 83 år.

SVAR

I

Synet på giftarmål.

Kyrkjebøkene for Leksvik sokn frå først på 1800-tallet fortel at det da var uvanleg få leksvaringar som henta gifta si utafor bygda. Når nokon var uteom bygda i slekt æring var dei sjeldan lenger enn til grannebygdene Mosvik, Frosta eller Stabsbygd. Dei som skulle gifta seg skulle helst finna maken sin innan bygda, der ein hadde kjenskap til atta. Og så skulle di so helst vera fra samme sociale laget.

Fra 1800 og til 1850 eller 1860, da utflyttinga til Amerika tok til for alvor, var det sær krongt om plassen i Leksvik, og i desse åra auka talet på høsmenn og inderstar svært i hove til bondeklassen. Folketellinga for 1801 syner at det da var kring 1100 menneske i hovudsoknet. 239 av desse var av høsmannsklassen, og 28 var

2

inderstar. Frå 1815 til 1825 syner kyrkje-
boka at det er fødd 142 hūsmanns-
ūngar, 138 av bondeklassa, 84 inderst-
ūngar, 53 laeusungar og 10-12 der
foreldra var "kondisjonerte."

Det var som sagt brønt om
plassen i bygda. Og i naturlig følge
av dette var at hjerleiken kom på
andre plassen når det var spørsmål
om festarmål og giftarmål. Det som
talde mest var å få gifta seg attåt
ein heim, det samme kor armod-
leg heimen var. Om den ein gifte
seg med var dobbelt så gammal
hadde mindre å seia. Folketellinga
for 1801 syner mange slike tilfelle.
På eit av hūsmannsbruka under
Büsha Rossvoll var mannen 24
år og kona 58. Dg kyrkjebökene
frametter åra syner mykje av
samme slaget. Eit sørjileg tilfelle
av slik gifting var mellom ein
Ole fra plassen Björvass-sveet og
ei tibbrund gammal enkeja. Ho
hadde ei dotter som var på lag
jam gammal med Ole, og si
var det ikkje bedre til knn at
han fekk ein ûnge med ho
som no var sty dotter hans. Ole,
som var fødd i 1803, vart førd
for retten for blodskam og
skulle etter det som vart rekna
for lov og rett den gongen mista
hooüdet. Men Carl Jøhau let
måde gå for rett, så Ole slapp

så å seia med berre skrekken.
Men frå den dagen vart Ole
heitande Haulaus - Dla.

För i tida rødde foreldra mykje
meir for giffarmåla til borna
sine enn i dag. Döde mannen
på ein gard, var han ikkje før
kommen i jorda før ein annan
kom og tok til å singa med
enkja for ein av sønnene sine.
Om ho var dobbelt så gammal
som gubben hadde ingenting å
seia - berre han kom seg attåt
ein noko lunde bra gard.

Og gamle enkjemenn hadde også
så "god tår," iallefall dersom dei
hadde ein gard eller høymanns-
plass å by på. Dette var noko som
heldt seg til oppimot siste århundre.
Skifte. Ein eldre mann fortalte
meg eingong om eit gravöl han
som guttinge hadde vori med i.
Da dei song eit liket stod den 22
år gamle enkja attafor ytterdøra
og elka med ein av gronne gubane.
Men han som låg i kista var 62!

Her skal nemnast eit døme på
kva foreldre kunne gjua mot borna
sine: I 1854 ville odelsgubben på
Austre-Tjøllingberg, Aleksander, gifta
seg med Tausa (Penestjinta) på gard-
en. Han hadde alt vori i byen og
kjøpt by til bruka kledde åt henne.
Men mor hans, maria Lucia, var
imot giffarmålet. Og i sinne tok
ho så systarane og heiv dei på
varmen med desse orda: "Heller

enn at ho skal bli sonnakone
vil eg sjå heile garden gå opp
i rau loge."

Gjenta måtte no ut av huset,
og Aleksander fekk seg ei anna.

Men før 10 år var lidne fekk
Marta Lucie sjå orda sine gå i
oppfylling. Ein dag eit par snike-
karar läg og kvilde middag i høvlo-
sponen vorde på løven somma-
ren eine frå tobakkspipa si. Dg
så brende heile garden, utan
at noko var trygga.

10. I gamle dagar var joek mykje
raddare skyldskap mellom ektemaka-
ane enn no for tida. Det vart helst
rekna som usömmeleg om tre-
menninger gifte seg.

11. Før det vart noko sving på ut-
vandringa til Amerika, var det svært
sjeldan at borna sette seg opp mot
foreldra sine når desse laga i stand
parti. Etter den tid er det fleire
døme på at dei unge, som gifte
seg mot foreldra sin vilje, før
heimant ifrå.

12. Om folk fra inderstklassa ville
gifte var det sjeldan nokon blanda
seg bort det. Likeins var det om
ei laus og ein dreng gifte seg.

27. Eit gammalt middel for å
svinga nokon til kjærleik, var å
skjera seg i veslefinnen, og så blanda
ein drope blod i drykkjen til den
ein ville hūgvenda. Men verk-
naden av slik hūgvending vara
som oftast ikkje et levet.

22

Nattefriing.

Å seia heilt noggrant når det vart slutt med nattlaepinga i Leksvik er vanskeleg. Mot slutten av siste hundreårskifte var det enda mykje nattlaeping og nattferding. Men etter den tid vart det mindre og mindre, så no er det slutt.

Det har vori med nattlaepinga som med så mykje anna: det har vori ei gradvis avvikling av skikken. Det vart føre og føre som like dette ståket inni høsa om nattene, så da det leid så langt som til 1920 var det faktisk bare eit par heimar her i bygda der slik trafikk vart føld. I 1930 var det heilt slutt.

Nattlaiparane eller nipaikarane, som dei også vart kalla, kunne ofte vera opp til 20 stk. i laget. Dei samla seg helst om laerdagkveldane, både bondegūtar hemsommagūtar og gardsdrienger i samme laget, og så gjista dei gard etter gard heile natta. Oppgåva deira var ikkje bare å få liggja med gjindene. Dei skulle alltid gjista gjinteromna, og var der ein friar når skokken kom vart han etan nåde lingsa opp av senga. Ofte vart han dregen opp av senga etter øyro.

Nattlaiparane skulle som regel vera voksne før dei tok del med slike. Men det er og döme på at born i skolepliktig alder var med.

Først så sent som kring 1925 var 14514

6

ein gūlunga på 4 år som var med
dei vaksne på slikt. Han lever i
beste velgåande i dag og heiter endastil
Anton.

När det ligg dödssjuka folk på ein
gard, eller der ligg lik, var det rekna
som usömmeligt ä gä dit på natt-
läcuping.

Her i lekvik har det, såvidt ein
kan förstå, aldri varit sikk att tåsa
eller budeia ligg i fjöset. Einaste til-
fella av slikt från gamla dagar, var
när ei tås eller budei hadde det lyke
at ho völle seg i sömne. Ellest var
det vanleg att ungdommen ligg i höjet
på högdommen från den sid ein fekk
inn första höglasut og til ut slätt-
onna. Men dette var helst for å
fä nattoro for loppa, som för i
tida var ei sann plage i sommar-
varmen, med skinnfellar og rengz
fyll av halm eller hög.

När ein flokk nattläcuparar kom
fram til ein gard var var det ingen
vanske med å komma inn. Short set
var det ingen som läste ytterdöra
i gamla dagar. Nattläcuparan snakka
ofast med tilgjort male när dei
kom til gards. Snakka "nattstakall",
som det heiter på bygda målet. Men
mange häsbondrfolk var og slik inn,
stilk at dei faktisk likte det kom
slike karar til gards. Ofte hadde
nattläcuparane skjink i inderlommene.
Og da vanka gjurne så mange dram-
mar at häsbond kom i riktig
feststuning. Ja, det var ikkje 14514

så rædt sjeldan han kom i slike godlag at kona måtte opp for å finne mat til gjestene. Men dette var vel òg merka når det var utpakkarar frå velstandsheimar.

Øllest var det vanleg i føre tider å set nattlauparen hadde brunsukka i lomma, som han baud gjunten av.

Var det ein i flokken som var litt meir for seg hell dei andre, eller han hadde litt betre lag med gjentene, hende det oftast at skokken av nattlauparen var ein mindre i sallet når dei før fra garden. Men dette var ikkje til hinder for at dei gjekk til grannegarden i samme område.

Den einslege nattefriaren.

Det hende ofte når nattefriarflokken gjekk frå garden, at einkvan i flokken stakk av og smatt inn att. Det var helst ein som hadde fått lefft av å vera velkommen tilbake. Nokon fast regel om kor lenge ein nattefriar skulle gå til samme gjenta var det ikkje.

53) Skikken med å stro sagflis mellom heimen til gubben og heimen til gjenta er ikkje kjend her i Tønsberg. Kona mi, som er frå Langhelle i Brøvika, fortel at dei har den skikken der. Derimot har det både 54 i gammal og nyare tid vorti gjort andre fanbestyrke til nattefriarane, som til domes òg plassera somme

bøtter eller anna skrammel i trappa.

Som nemnd før, avgjorde for eldra ei mengd av festarmåla. Men mange tok ut på friarferd midt på lyse dagen. Enno veit folk om da ein Petter Langro skulle gå over skogen til Sollia i Markabygda den 8. oktober 1837, for å fri til ei gjenta der oppe. Det var den dagen det store skogfallet gjekk for seg, og Petter heldt på å skulle bli slått ihel den eine gongen etter den andre, av grantræa som vult over vegen.

Ei anna friarsoge frå kring 1850 er om da Lars, drengen på austre Rossvoll, kom til oldefar min for å låna ridehest til friarfeda opp til Grönlea i Markabygda. Lars, som sjøl skulle henta hesten, kom springande for livet fram til garden med den siste kingsten i halane. Han fekk låna ei merr, tok i veg og fekk ja-ord av gjenta.

Lars var ikkje åleine om å dra ut på friarferd på hesteryggen den tida. Det var nok så vanleg å fri på den måten i gamle dagar.

Leksvik har frå gammalt av vore ei seterbygd. Og det var ikkje langt ifrå 100 sibar i bruk på ei og samanleid for eit par manusaldra tilbake. Til friarferdene på setra kom friarar både einskildvis og i shokkevis. Ofte var det spellmenon med når dei kom på laurdagskveldane, og så var det spell og dans til lyse morgonen.

14514

På kyrkjebakken.

I gamle dagar gjekk tung dommen jammest til kyrka. Dei var ikkje bortstjimd med festar, dansar eller foreningsliv den tida, og laut mykje dei høva som fanns til å komma saman.

Og Leksvik har alt frå gamle dagar vore ei bygd med like klassestilnadar. Ein veit ikkje om at det nokon gong har eksistert ei drøgesküe i bygda, langt mindre ei særskild stue for tausene.

Under slike tilhøve var det derfor vanleg at guttar og gjenter var i lag både til og frå kyrkja. Og da hadde dei igjennom sjølsagt hove til å prata med kvarandre.⁵⁹ Ofte hadde folk med brennevin til kyrkja. Det fanns ikkje slikt som oppvarming i kyrkja i gamle dagar. Og om vinteren drakk folk brennevin for ikke å frysa under quæsfesten. Det heitte såleis at det nærpå var ei skam om mannen ikkje var pynta med ein dram, når han skulle bera sitt offer fram.

Her har ikkje vori så lange fristandar at det har vori akseelt å ha med seg mat i kyrkjevogen. Dei frå markabygda tok inn hos kjemingar eller skyldfolk frami bygda.

Ein veit aldri om at det nokon gong har vori lik eller dans i nærlieita av kyrkja.

14514

Dei vanlege gjesterboda i eldre tid var gravöl, brüddlaup og julegjesterbod. Her fekk guttar og gjenter høve til å vera i lag. I brüddlaup og gravöl var det faresten litt av ei aia å gjeva tenest som foregangslaus (oppvartings-gjente)

69 När folk i gjesterboda la seg til å sova på flatseng avgjorde dei stort set sjölv korleis dei skulle leggja

70 När det gjeld stabbedansen, så har den heldt seg heilt inn i vår tid. Det var stabbedansen som skulle gjeva spellmannen litt valuta for strevot.

Under stabbedansen vart ein kar og eit kvinnefolk plassert i breidd på kvar sin stol. For spellmannen spela opp til dans, laut han som sat på stolen et med spellpungar. Til vederlag fekk både han og ho kvar sin dram. Men karane som sat på "stabben" ville helst ha eit kvinnefolk med seg som ikkje likte brennevin, for da var regelen den at karen fekk begge drammeane.

71? Dette med stabbedansen var nok ikkje meint så mykje med å ha mors med i perna ihop karar og kvinnfolk, som med si skaffa spellmannen litt pengar for strevot han hadde.

Andre höve der eldre var med.

76

A v serlege höve der eldre og unge var i lag, kan nemnast slättadugnad, auksjonar og duggnad med bærsætting.

75

Før fjordbåtane tok bil med fast rute mellom Trondheim og bygdene på nordsida av fjorden, hadde så å seia hvor einaste leksvikbonde, og ikke så få hūsmenn, sitt eige fraktfarty. Desse fartya som på jannadsen lasta 10-12 famuer ved, ja i somme höve over 20, vart bygd heime på gardane, til dels langt oppi bygda. Når dei så skulle fraktast nedover til sjøen vart det bedi ihop til duggnad og stort gjestebid. Da var det samla mykje folk, det var mykje brennevin og det var ofte dansemoro om kvelden. Likeins var det når det var slättaduggnad. Da var det alltid både ung gutter og ungjenter med. I mange höve vart heldi dans etter auksjon og så. Men samskottslag med dansemoro har neppe vori heldt her i Leksvik.

75-

78

Sankommer der ungdommen var tilst for seg sjølv.

a). om sommaren.

86) Her i Leksvik har neppe nokon gong vori slik högteding av jonsok, med fest og leik som andre stader. I allefall viet ikki eldre folk noko om dette. Leksvik har frå gammalt av vori ei utprega saterbygd.⁸⁶⁾ Og ved jonsokleike var folk

og fe flytta til fjells eller til skogs.
Ein god del av sáterkúdene var tønget
gjinter, og det var da berre naturlig
at tøngdommen samlaust i helga på
sestra. Der mange kom i lag vart det
ig ofte dansa.

91. 84

Før i tida samlaust eg sei tøngdommen
om laurdagskveldane på Väffan. Her
var ein slett, fin grasvoell kring den

85- gamle verdeplassen⁸⁵ Og her vart det
84 báde leika og dansa. Men når det
leid så langt som at gjinterne var
farne til hærs, støtta sammen -
komstene på Väffan for dette året.

85) Dette med leik og dans på Väffan
støtta faktisk av seg sjöfjor 40-50
år siden. Da vart det til at tøngdom-
men samlaust ved Korsgata laurdags-
og sundagskveldane. Øg var da kom-
mi et skolebygg med etter møten
stor leikeplass. Men her var berre
leik - ikke dans.

83

Så fekk vi tøngdomshus og
heile 2. idrottsplassar. Og da var òg
samkomene ved Korsvegen dömt til
döden. Der det før 30-40 år sedan
möttast 100 tøngdommar om laurdags-
og sundagskveldane til leik og anna
shoro, - der er det i dag ikkje lit
menneske i sjä på den gamle leike-
plassen.

Dei som i dag ikkje sit på
kaféen i Sjukk Tobakksrøyk, fer som
om dei har den vondt etter seg, på
motorsykkelen med ei gjunk på bakslet.

b). Om vinteren.

95) I gammal tid var det så lite om leik og moro for ungdommen om vinteren, at det mest var gammest med ingenting.¹⁰⁵ Ikke var det idrottslag eller andre lag som skipa til skilevlinger, og ikke fanns der eit møtehus der dei heldt fest. Første premiekiremet i bygda vart ikke heldt før i 1892.⁹⁵ Og første møtehuset vart ikke bygd før etter århundeskiftet.

^{106 og 95} Skulle ungdommen komma samman til leik og festleg samvar for århundeskiftet, var det helst når sjøfolkene var borte. Da kom dei ofte samman til moro- auten dei var bedre eller ei. Mange av dei eldre var var igjekk innstilla at dei likte det bare så som så at dei unge kom sammen.

Juleträd.

Den første karen som kom til ein heim, der det var kvinnfolk, etter arbeidskvila i jula vart kalla julekallen til ho som stod opp først om morgenen. Den som stod opp nr. 2 fekk den andre som kom til gards. Slik var det igj med kvinnfolkene.

No hende det at det ikke kom så mange til gards at det vart nok med julkallar og julkjøringar til alle i heim til 1. januar. Da var

regelen den at den mannsperson som varit utan julekjøring, — han skulle i brønnhølet med baken sin. Læg dit is på brønnen varit hølt opphoggi. Og så varit broka på delikanten knapt ned og snauv baken trykt ned i ishølet. Dette var ei stor skam. Og for å unngå slike "ordna" dei seg med julekjøring, for å sleppa å i hølet.

Juletråd i vår mening her i bygda er det samme som juleklapp eller julegaver. När det her fått dette ordet, så kjem det av at dei fleste julegavene i gamle dager var laga av tråd.

Det mest vanlege var flamma eller fletta hoseband og vättar. Og så "nærlengar" (pulsvarter).

Stort set var det berre kriusfolka som gav og gittane som tok i mot. Gittane kunne så som vederlag be heim og inten i jula. Det skulle lik som vera betalinga.

Det hende også at einkvam gittane var så byrg eller stor på seg at han ikkje tok imot den gava han varit bydd, men det var svart sjeldan.

Ik jock segg juletråd veit ingen om.

- II -